

Namnedag

3. september: Avhild, Vilde, Alise.
4. september: Ida, Idar.

BILETE: Vil du kjøpa bilete (15 x 21 cm) som Hordaland har teke, så ta kontakt med fotodesken tlf. 56 53 03 26, sentralbordet tlf. 56 53 03 00 eller ting på nettutgåva vår: www.avis-hordaland.no

85 år

Jon Sigvart Eide, Eidsland, fyller 85 år onsdag 4. september.

80 år

Olga Lilly Djonne, Vallavik, fyller 80 år i dag, tysdag 3. september.

70 år

Reidun Mo Neset, Modalen, fyller 70 år i dag, tysdag 3. september.

50 år

Ivar Tøsse, Stamnes, fyller 50 år i dag, tysdag 3. september.

Til lukka



Hurra for **JONATHAN RINGHEIM REIGSTAD** som vert 3 år den 4. september. Helsing **Best'n, Mormor, onklar og tante på Voss**



Gratulerer så mye med 3-årsdagen **CAROLINE SVENNES RINGHEIM**. Kjempemasse glade i deg. Mange klemmer og koser fra **pappa, systo, Besta og Besten, onkler og tante. Ella, Santo og Blackie** hilser òg.



Hipp hurra for godjenta **VILDE HERNES NESTÅS** som fyller 3 år 2. september. Ho får mange bursdagsklemmer frå **Mommo i Hallingdal**



ANNE OG NILS TRANØY Gratulera med 4-årsdagen. Veldig glade i dåke gullungane! Klem frå **oldemor, besteforeldre, mamma og pappa, Åmund og Ella.**



Me vil gratulera storsjarmøren vår **KRISTIAN GRØNÅS LODDEN** med 5 års-dagen 4. sep. Kjempeglade i deg! Stor klem frå **Hanna, mamma og pappa.**



MARIE BRATTETEIG Vår kjære godjente er 8 år i dag! Gratulerer så mye med dagen! Glade i deg, Marie! Varme klemmer fra **mormor og morfar, oldemor Brita, Julie, Aleksander, onkel Trond og tante Trine.**

Goabadne



Vesle Anna kom til verda 29. juli, 3200 gram og 52 cm. Jon er blitt storebror. Foreldre er Dag Arild Jensen og Mari Taskjelle.

Nygifte



Kristin Skjerven og Stig Flotve, vigde i Vangskyrkja 20. juli. Brurjenter er Stina og Oda.

Til lukka



Hipp hurra for verdas beste storebror **EVEN KOLSKÅR GJØLSTEIN** som fyller 5 år 4. september! Me er kjempeglade i deg! Mange gode klemmar frå **Iver og mamma.**



Hipp hurra for sjarmøren vår **NATHANIEL GRØNHOLT** som fyller 5 år i dag, 3. september. Me er kjempeglade i deg! Klem frå **mammo og Mads**

Nynorskstafetten til ny

Onsdag kjem Nynorskstafetten til Voss. – Me vil nytta høvet til å ta opp at språkopplæringa for innvandrara bør skje på nynorsk, seier **Alf Jansen.**

Voss Mållag er vertskap for utsendingane frå Noregs Mållag som fatar landet rundt i Nynorskstafetten, 200 år etter at Ivar Aasen vart fødd. Onsdag 4. september vil dei på ulikt vis skapa blest om vilkåra for nynorsken, i ein av dei mest folkerike og solide nynorsk-kommunane i landet.

Styremedlem i Voss Mållag, Alf Jansen, har oversikt over programmet.

– Me har fått til eit møte med ordføraren om morgonen, og håpar han også har med seg somme av medarbeidarane sine på dette møtet. Me vil gjerne høyra kva Voss kommune gjer for å fremja nynorsken sin stilling. Har kommunen til dømes ein målbruksplan? Mållaget vil også gjerne ta opp spørsmålet om språkopplæringa for innvandrara – som får undervisninga på bokmål.

INTEGRERING MED NYNORSK.

– Innendingane ein ofte får når det gjeld denne opplæringa, er at materiellet berre er på bokmål. Argumenta våre er at det i ein nynorsk-kommune er naturleg å gje opplæringa på nynorsk, seier Jansen og held fram:

– Me ynskjer tilflytting, og skal vel ikkje førebu innvandrara til å flytta til Oslo? For dei som har ungar i skulen vil det også verta ei stor ulempe, om språkopplæringa



FEIRING: Alf Jansen og Voss Mållag inviterer til feiring av 200-års jubileet til Ivar Aasen

ikkje set dei i stand til å hjelpa borna sine i norskfaget. Integringa ville i det heile gått mykje betre om dei fekk ei opplæring i språket som vert brukt i distriktet. Det skulle no berre mangla, i ein stor og stolt nynorsk-kommune som Voss!

Utover onsdagen ynskjer mållaget og stafettdeltakarane å få til møte med bedrifter, som kan

informera dei om kva problem dei møter på om dei vel å bruka nynorsk i marknadsføringa. Nynorskstafetten kjem også på vitjing til skuleklassar på gymnaset og på Voss vidaregåande skule.

KULTURELT I BIBLIOTEKET. Om kvelden er det i Voss bibliotek det skjer. Mållaget, biblioteket og Voss folkemuseum samarbeider om

Miljøveteran vart æresmedlem

TRONDHEIM: Honoria Bjerknes Hamre frå Hordaland og Vigdis Siri frå Finnmark er begge veteranar i kampen for naturen og miljøet. Fredag vart dei utnemnde til æresmedlemmer i Naturvernforbundet.

Siden 1925 har 13 personar vorte utnemnde til æresmedlemmer i Naturvernforbundet. Med utnemninga av Honoria Bjerknes Hamre og Vigdis Siri vart talet på kvinnelige æresmedlemmer tredobla, då to kvinnelige miljøveteranar vart heidra i Noregs eldste og leiande miljøorganisasjon.

Kamp for fjellrev

Honoria Bjerknes Hamre (f. 1932) er for oss særleg kjend for sitt engasjement for Finse.

Ho sat i styret i Vestlandske Naturvernforening i 10 år fra 1969. Ho var vara og medlem i landsstyret 1978–83 og leiar i forbundet frå 1983 til 1987. Ho har halde fram



ÆRESMEDLEM: Honoria Bjerknes Hamre har synt stort engasjement for Finse.

med naturvernarbeid, og engasjerte seg seinast i arbeidet med Hardangeraksjonen for å hindra kraftlinjene gjennom Hardanger.

Bjerknes Hamre har utgitt ei rekkje publikasjonar, mellom anna naturhandboka «Fjellet;

flora fauna, geologi» frå 2006, og «Små barskinger i høvfjellet» frå 2011, om korleis fjellblomstrane er tilpassa for å overleva hoggfjells-klimaet. Ho er også medlem i Naturvernforbundet sitt fjellrevutval.

Vigdis Siri (f. 1954) har vore aktiv i miljøbevegelsen sidan kampen om Alta-Kautokeinovassdraget i 1979–81.

Inspirerende innsats

Bjerknes Hamre og Siri vart utnemnde til æresmedlemmer til stor jubel på landsmøtet til Naturvernforbundet i Trondheim fredag. Lars Haltbrekken, leiar i Naturvernforbundet, meiner dei to kvinnene er til inspirasjon for Naturvernforbundet.

– Våre nye æresmedlemmer har stått på for miljøet i ei årrekke, og gjort ein uvurderleg innsats. Det er slike miljøheltar som inspirerer våre medlemmer til å kjempa for naturen og miljøet over heile Noreg, smiler Haltbrekken.

HUGS FULLT NAMN
på den du vil gratulera når du tingar «Til lukka».
Hugs også namn/adr. på rekningbetalar.

Hordaland
www.avis-hordaland.no

På denne sida vil me fortelja smått og stort frå der du bur. Kven er leiar i laget ditt etter årsmøtet? Har verksemda di fått ny leiar? Skriv gjerne minneord og omtale til årsmøtsdag. Redaksjonell tekst og bilete til denne sida kan sendast til: redaksjon@avisa-hordaland.no, faks 56 53 03 08, tlf. 56 53 03 00, Hordaland, Postboks 38, 5701 Voss.

GRATULASJONSHELINGAR

Kr 125,-. Hugs foto av god kvalitet og fullt namn på den som vert gratulert. Annonser til denne sida kan sendast til: annonse@avisa-hordaland.no, faks 56 53 03 08, tlf. 56 53 03 00, Hordaland, Postboks 38, 5701 Voss, eller leggjast i postkassane våre på VIMI-bygget eller Svartenakken.

Nynorsk-kommunen Voss



- Korleis er det for tida å arbeida for målsaka i Voss?

- Som lærar ser eg at det er veldig sjølvsagt å halda seg til nynorsk, for mange. Men mange ungdommar skriv rettare bokmål, enn nynorsk, faktisk. Det viser at nynorsk er utsett, noko ein må kjempa for.

Alf Jansen viser til den gode innsatsen tidlegare leiar i mållaget Arvid Langeland har gjort for å få brukt nynorsk i næringslivet og ved offentlege instansar, med nynorskbruk på Vinmonopolet og ved Voss stasjon, som to døme. Dette er ei linje dei gjerne vil halda fram på.

HELD SAKA VARM. - Nynorsken er avhengig av bruk, og eit språkleg medvit. Det gjer seg ikkje sjølv, heller ikkje på Voss. Språket må haldast varmt, og lyftast fram. Nynorsk er eit minoritetsspråk, og som andre minoritetsspråk må det kjempast for.

Alf Jansen held fram at nynorsk er ei målform som framleis har ei viktig oppgåve.

- Eg ser nynorsk som ein demokratisk rett for oss, alle me som har ein dialekt som ligg opp til nynorsk.

På Voss er det rimeleg å venta seg at administrasjonen i kommunen har gode nynorskbrukarar, og at dei også ser til at departementa og anna styringsverk held seg til lovverket på dette området.

- Språkåret bør vera eit fint høve til å markera denne saka, her som nynorsk bør vera ein del av sjølvvaremerket til bygda og kommunen!

SIGRID SEIM | tekst
VIDAR HERRE | foto
redaksjon@avisa-hordaland.no

Sjur Nesheim til minne

Minneord

Det var mange som hadde mykje å seia om Sjur Nesheim etter at han brått døydd i fjellet oppanfor Årdal i Sogn.

Som so mange gonger var det ei tilstelling med hardiangfelespel han var på veg til. Folkemusikk var ei av hovudinteressene til Sjur, so han døydd på veg til noko av det som upptok honom mest. Og innanfor folkemusikk var Sjur so vidkjend at han fleire gonger var nytta som domar på kappleik.

Men endå i si verksemd i snikkarfaget var Sjur Nesheim ein av dese som hadde større kunnskap enn dei aller fleste om gamle arbeidsmåtar til dømes i samband med byggjing og restaurering av lafta hus.

Mindre kjent er det at Sjur var ei oppkome av kunnskap um daglege teknikkar på eit småbruk. Mjøstølen som bruket Sjur hadde på Nesheim i Granvin var kalla kunne ikkje forsvara store investeringar i maskiner. Heile tidi vart det drive som attåtyrke, der brukaren var mest handverkar.

Dermed var det hesten som var drivkrafti hjå Sjur. Og han skaffa seg dermed kunnskap um hest, særleg arbeidshest, som få andre. Og var endå der ein som andre «ekspertar» høyrde på. Endå dei som dreiv med tråvhest.

Sjur kunne endå ausa av sin nedervde kunnskap når det var tale um ljåslått! Ljåen var viktigare på Sjur sitt bruk enn maskiner, endå han hadde både hestelåmaskin og motorslåmaskin.

Sjur hadde ei viktig samling av ljå. Og kunne fortelja: «Du veit, ein Bleie-ljå kan ve kvasse so ein rakekniv, Men han gaor ikkje so fint i grase dan so ein Folkedal-ljå!»

Og for å gjera det klart. Bleie-ljåen var laga av Endre Bleie i Sørfjorden. Endre var endå spelemann, og laga minst ein vals som Sjur har vore med og spela mange gonger.

MED STOR TAKK FRÅ
KJELL KJERLAND

Basar til hjelp i Russland

VOSS: Komande torsdag vert det basar til inntekt for «Vyborghjelpen». Vyborghjelpen vart skipa etter ein tur som Si-Reiser hadde til Karelen i Russland og dei har drive hjelpearbeid der i mange år i samarbeid med lokale kyrkjelydar. Si-Reiser har årlege hjelpesendingsturar til Vyborg der også fleire vossingar har teke del. No hjelper dei til å byggja ein heim for gateborn. Huset er under bygging og vil vonleg verta teke i bruk dette året. Drifta av heimen vil få offentlege tilskot. Basaren vert i Sentrumssalane (ved Smaosedlena) og er eit samarbeid mellom Vyborghjelpen og Sentrumstreffet.

Dødsfall



Mi inderleg kjære Olaug, vår snille og omsorgsfulle mamma, svigermor, bestemor, oldemor, svigerinne og tante

Olaug Bø

f. 15.9.1940

sovna stille inn på Voss sjukehus, 31. august 2013

Stille, så stille du sovna, tolmodig di smerte du bar. Flittige hender har dovna, ditt lyse minne me har.

Leif

Anita - Arne
Ingrid
Lars - Olaug

Mari, Kristin - Asbjørn,
Øystein, Christian,
Alexander - Veronica,
Daniel, Mikael, Camilla,
Leif Magne, Andreas,
Elin og Elisabeth

Nicolai

Slekta elles

Gravferd frå Vonheim tysdag 10. september kl 12.00. Alle som vil fylgja til grava er hjarteleg velkomne. Like kjært som blomar er ei gåve til Dialyseavd. ved Voss sjukehus. Minnestunda vert avslutta ved grava.

ein kulturkveld - gratis og open for alle.

- Eirik Helleve som tidlegare har arbeidd ved Aasentunet i Ørsta kjem. Han kåserer om Aasen på Voss, som kjent var Ivar Aasen her fleire gonger.

Alf Jansen lovar også journalisten og moromannen Finn Tokvam som ein del av programmet. Kva han finn på, står att å sjå. Moge-

leg at det vert noko tull, antydar Jansen.

Det musikalske innslaget står Berit Opheim for. Ho syng fleire Aasen-songar, av utvalet som ho også framførte på Aasentunet på 200-årsjubileet tidlegare i år.

- Folka frå Nynorskstafetten er også med, og kan fortelja om stafetten og sine opplevingar, nemner Alf Jansen.

Vossingar i «Ut i Naturen»

VOSS: I Ut i Naturen i kveld tek Kjell Fuglehaug oss med til Skogseidvatnet i Fusa kommune på rekordjakt etter røye.

Det er Skogseidvatnet som har noregsrekorden for sportsfiska røye. Rekorden er på 8.285 kilo og det er denne rekorden som kvart år lokkar mange sportsfiskarar til Fusa. Rekorden er det Ivar Mathisen fra Hamar som har frå 2002.

Grunnen til at ein del av røyene i dette vatnet vert så svære, er at dei beiter på spillfrø frå oppdrettsanlegg i vatnet.

Troføjegegrane - brørne Geir og Trond Johansen frå Voss - har jakta stor røye i Skogseidvatnet sidan 1996, og dei siste 10 åra har dei vore ute etter noregsrekorden, utan å lukkast.

Etter alle desse åra er brørne vortne lommekjende i vatnet og sjølv om dei til no ikkje har klart å kapra rekorden, vert dei likevel omtalte som «røyekongane» i



FISKAR PÅ FJERNSYN: Frå venstre Trond Johansen, Ingvild Aurdal Helland og Geir Johansen som vert å sjå på NRK1 i kveld. FOTO: NRK

Skogseidvatnet.

I kveldens program har dei òg teke med seg ei av dei beste kvinnelige flugefiskarane i Noreg,

Ingvild Aurdal Helland, og dei har ikkje tid å venta til isen har gått på vatnet.

NRK1, tysdag 3. september 19.45.

VU senior går på dagtid

VOSS: September er komen med kortare kveldar og frå 4. september vil onsdagsturane gå på dagtid.

Me har sett opp turar i september og oktober, for nokon kjende område og for andre nye opplevingar.

Det vert lagt vekt på at alle med interesse for tur i mark og fjell skal kunna delta, turleiarane vil tilpassa lengde og tempo til dei som er med, målet er å vera mange på tur med sosialt fellesskap sjølv om me ikkje skulle nå toppen eller heile ruta som er sett opp.

Turane startar frå HVMV Esso på føremiddagen med privatbil.

Turen denne onsdagen går til Hodnaberg. Frå bilane fylgjer me T-merka sti, passerer nedre Kvålstjørne og vidare til Songrø. Herfrå vidare til Kvålsdalen og retur til bilane på Hodnaberg.

Kle og sko som høver for fjelltur er nødvendig. Ved dårleg ver kan turen verta lagt om.

TURLEIARANE
ANDERS SKJERVEGGEN
OG LIDVARD FAABERG

PH